



Senter for Internasjonalisering av Utdanning  
Postboks 1093  
5809 BERGEN

Dato: 03.05.2016  
Vår ref.: 2016/1270-17  
Saksbehandlar: berroks  
Dykkar ref.:

## **Søknad om godkjenning av studieopphald i Japan med støtte frå Lånekassen**

Hordaland fylkeskommune søker med dette om godkjenning av studieopphald med støtte frå Lånekassen for å ta Vg2 i Japan frå skuleåret 2016 - 2017.

Amalie Skram vgs ønskjer å gi tilbod til ein elev på studiespesialiserande om å ta Vg2 ved Fukuyana Seishikan High School i Japan. På sikt ser skulen for seg å kunne gi tilbod til nokre fleire elevar, men det vil ikkje bli ei større gruppe av elevar. Amalie Skram vgs har allereie dette skuleåret ein elev ved Fukuyana Seishikan High School.

Eleven som får tilbodet, vil følgje vanleg undervisning i Japan, men vil få ekstra timar i det japanske språket gjennom heile skuleåret. Eleven vil måtte ta fag som privatist når ho/han kjem heim til Norge, og eit fast fag vil vere japansk nivå III. Eleven som fullfører Vg2 i Japan, går vidare til Vg3 på Amalie Skram vgs dersom eleven får godkjent opplæringsåret i utlandet. Eleven vil få ekstra undervisning i norsk i Vg3. Dette er et tilbod Amalie Skram vgs gir alle dei elevane som har teke Vg2 i utlandet, til dømes gjennom utvekslingsorganisasjonar.

Eleven skal bu hos vertsfamilie under opphaldet i Japan. Elevane som får dette tilbodet, vil skaffe seg ei verdifull internasjonal erfaring og følgjer fylkeskommunen si internasjonale satsing med «å bidra til at ungdom får internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar.»

Den norske eleven vil ha ein kontaktperson på den utanlandske skulen. Det vil også ha vere ein kontaktperson/koordinator på Amalie Skram vgs som vil følgje opp eleven gjennom skuleåret. Både føresette og elevar vil bli informert om samarbeidsprogrammet før studieopphaldet tek til, og føresette vil kunne ha kontakt med koordinator gjennom skuleåret. Som det går fram av samarbeidsavtalen, vil den utanlandske skulen vere ansvarleg for å følgje opp eventuelle konflikhtar. Amalie Skram vgs vil også ha rutinar for dette, og frå norsk side vil koordinatoren ha det daglege ansvaret.

Samarbeidsavtalen mellom Fukuyana Seishikan High School og Amalie Skram vgs ligg vedlagd.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Berit Roksvåg  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Aud Trohaug

Vedlegg

1 Avtale